



Referat sokneråd 20.mars 2005

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: Torsdag
20.03.2025
Tid: Kl. 18.30 - 21.00
Ord for dagen: Anne Marie Røed

Wenche Andersen Helland vert kalla inn som fast møtande vara. Andre varamedlemer får kopi av innkallinga og vert kalla inn ved behov

Innkallinga er sendt til:

Svein Lunde	Leiar x
Anne Marie Røed	Nestleiar x
Tom Rydland	Medlem x
Anne Kristin Skår	Medlem x
Håkon Rydland Sæbø	Medlem x
Mette Elisabeth Lambach	Medlem x
Lilli Anne Drønen Jæger	Medlem x
Kari Raunholm	Medlem x
Olav J. Oma	Sokneprest x
Gisle Levåg	kommunal representant x
Wenche Andersen Helland	1. vara
Kopi til varamedlemer	

Fitjar, 14.03.2025

Svein Lunde
soknerådsleiar

Harald Rydland
kyrkjeverje

Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMMUNAL REPR.
2025/19	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	
2025/20	012.1	Godkjenning av referat frå sist møte	
2025/21		Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden	X
2025/22		Rekneskap for Fitjar sokn 2024	X
2025/23		Kyrkjeskys i Fitjar (drøftingssak)	
2025/24		Meldingar	X
2025/25		Open post	X

Vedlegg

1. Saldotabell for 2024
2. Årsrekneskap for 2024

Sak 2025/19 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og saklister er godkjent.

Sak 2025/20 012.1 Referat frå sist møte

Evt. merknader til referatet kan fremjast i møtet.

Vedtak:

Soknerådet stadfester referat frå møte den 20.02.2025 utan merknader

Sak 2025/26

Prost Arild Steinsland deltok i møtet for å helse på soknerådet og informera om ungdomsåret i kyrkja. Han haldt eit engasjerande føredrag om boka "Utilstrekkelig ungdom" av Christian Hjortkjær. Han orienterte og om gudstenesteforordninga i prostiet. Råd frå prosten er at Fitjar skal fortsetja med same forordninga som er pr. idag.

Sak 2025/21 Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden

Soknepresten legg fram ei kort orientering om det som har hendt i kyrkjelyden, planar framover og andre aktuelle tema som er kommen til sidan sist møte.

Babysong, småbarnstreff, tentreff og Vidare (treff for unge vaksne) har godt oppmøte og fungerer fint.

Info om Helgatunturen frå dei som var med frå soknerådet. Den var svært vellukka og det var med 56 stk. Soknepresten vart forhindra frå å vera med, men kyrkjelydspedagog Rand tok ansvar og løyste alle oppgåver på ein svært god måte. Ho fekk mange gode tilbakemeldingar på det i løpet av helga.

Vedtak:

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

Sak 2025/22 Rekneskap for Fitjar sokn 2024

Fitjar sokn sin rekneskap for 2024 er ferdig og vert med dette lagt fram for behandling i soknerådet. Etter at soknerådet har slutta seg til rekneskapen slik den ligg føre, skal revisor ha ein gjennomgang for å kunna skriva revisjonsmelding. Etter at revisjonsmeldinga er klar vil soknerådet enno ein gong får rekneskapen til behandling. Det kan vera at revisor har merknader som må leggjast fram for soknerådet. I tillegg må soknerådet gjera vedtak som sikrar at inntekter frå øyremerkte gåver som ikkje vart brukte i 2024 vert plassert på fond, slik at dei kan brukast på rett føremål seinare.

I dei tabellane som ligg føre kjem det fram at rekneskapen totalt endar med eit resultat på kr. 0. Økonomiforskrifta som gjeld for oss seier at bruk av fond som var lagt inn i budsjettet skal nyttast så langt det trengs for å få resultatet i balanse. Vårt budsjett for 2024 var saldert med å ta kr. 145.800 frå disposisjonsfond for å få avdelinga for kyrkja til å gå i balanse. Vidare var det budsjettert med å bruka

kr. 80.000 frå fond for kyrkjelydsprest til å dekkja underskot på trusopplæringa. Ved årssavlutninga var behovet for bruk av fond kr. 63.956 for kyrkjeavdelinga, og kr. 35.309 for trusopplæring. Årsresultatet for Fitjar sokn, dersom ein ser bort frå bruk av fond, vart difor eit underskot på kr. 99.265.

Tidlegare har den store årsrapporten for Fitjar sokn vorte sendt til revisjonen som soknet si årsmelding. I år vil me laga ein eigen og mindre omfattande rapport som tilfredsstillar revisor sine krav. Den fyldige rapporten om det kristelige livet i soknet vil me leggja ut til ettersyn og ta med til soknet sitt årsmøte seinare i vår.

Meir detaljar om rekneskapen er å finna som vedlegg til innkallinga. Det vert og ein god gjennomgang av rekneskapen på soknerådsmøtet.

Vedtak

Soknrådet sluttar seg til årsrekneskapen for Fitjar sokn 2024 og sender den vidare til behandling hos revisjonen.

Sak 2025/23 Kyrkjeskys i Fitjar (drøftingssak)

For tida er det ikkje noko organsiert kyrkjeskys i Fitjar. Frå tid til anna kjem det spørsmål om det er råd å få på plass ei slik ordning. Sjølv om det ikkje er noko organisert skys, veit at det er fleire som hjelper til med frivillig kyrkjeskys for folk som har behov for det. I desse tilfella er skyssen som regel avtalt direkte mellom den som gjev skys og passasjeren.

For dei som har bruk for skys, men ikkje har noko naturleg nettverk der det er råd å spørja om slikt, ville det vore bra om me kunne ha ei ordning som som kyrkja la til rette for. I så fall kunne det t.d. vore oppgitt ein person med telefonnummer som interesserte kunne ta kontakt med. Då kunne denne kontaktpersonen kopla skyssar og passasjer saman for avtale.

Det er fint om soknerådet kan komma med gode innspel som kan hjelpe til at me kan få etablert organisert kyrkjeskys i Fitjar

Vedtak:

Det er ikkje framlegg til vedtak i saka

Soknerådet ønsker å få til ei frivillig ordning på dette, og ein foreslår å spørje Rasmus Fitjar om å koordinere ei slik teneste .Olav Oma får inn informasjon om dette i neste kyrkjelydsblad

Sak 2025/24 Meldingar

Under meldingar vil det verta orientert om desse sakene:

- a) Arbeidet med årsrapport (kyrkjevevja)
Det blir jobba med, og vil bli presentert på årsmøtet i mai
- b) Nye gravplassvedtekter, status (kyrkjevevja)
- c) Referat frå utvalsmøter (soknepresten)
Forrige møte var eit møte kun om diakonituren. Info om den kjem i kyrkjebladet. Påmelding starter 22.04
- d) Status for gravplassprosjektet (kyrkjevevja)
Arbeidet går på fram i tilfredsstillande tempo
- e) Samling for gudstenestemedarbeidarar (soknepresten)
Det skal vera ei samling torsdag 27.mars for dei som er med i gudstenestearbeidet
- f) Etablering av gjevarteneste, status (kyrkjevevja)
Arbeidet er godt i gong, og blir presentert i kyrkjeblad og på heimesida til kyrkja
- g) Støtte til kjøp av biblar for Klubben (soknepresten)

Gir biblar til 7.klassingar årleg, kyrkja gir 1500 kr til det

- h) Gravferdsturnus for prestane på Stordøya (soknepresten)
Olav skal ha 2 veker "vakt" i vår der han tar evt gravferder, og kjem så inn i fast turnus etter sommaren. Då blir det vakt ei veke i mnd. kvar for prestane
- i) Konfirmantfesten 7. mai, status (kyrkjevevja)
Info vert gitt etterkvart. Harald sender ut førespurnad til soknerådet om nokon kan hjelpa til på kjøkenet e.l.

Soknepresten orienterte om Vennestemne 29.mai på bedehuset i Fitjar. Kan kyrkja bidra her med 3 stk som kan hjelpa til?

Vedtak:

Soknerådet tek meldingane til vitande.

Sak 2025/25 Open post

Inger saker under open post

Skrivar
Kari Raunholm